

**Rusten har søkt tvangssakkord****12.04.2012**

Geir Rusten i Beinavikjo Foto:Ola Matti Mathisen

**Trelasten på Sandvoll, no med 25 tilsette, har søkt tvangssakkord etterat ein av 70 kreditorar med krav har begjært selskapet konkurs.**  
**Styreleiar og dagleg leiar Geir Rusten, , er eller har vore sterkt involvert i 3 verksemder i Uskedalen.**  
**Det er Uskedalen Brygge, den tidlegare butikken på Nausthaugen og bustadprosjektet på Eikelandet,**

Trelasten søkte om frivillig gjeldsordning men det aksepterte ikkje alle kreditorane og dermed vart søknaden endra til tvangssakkord som er ein uvanleg prosedyre her i landet. Tre fjerdedelar av kreditorane må i tilfelle akseptere den, Fristen går ut i dag og advokat Kjell Peter Neset i gjeldsnemnda trur at ein del vil si ja fordi alternativet er konkurs.

Det er ei tapt rettsak i samband med ombygging av Opheim Hotel på Voss som har ført verksemda ut i problema. Trelasten har her uteståande krav på 10 millionar og betalte 1,3 millionar i sakskostnadars. Inga verksemnd i Kvinnherad vil tape pengar på Trelasten seier Rusten

Av Ola Matti Mathisen